

Våtast i Matre: 121,6 mm på eitt døger

12.01.2009



Åtte målestasjonar på Vestlandet har fått meir enn 100 millimeter nedbør på eitt døger og våtast har det vore på Opstveit i Matre med 121.6 millimeter.

Det er svært nær Uskedalen og det er difor grunn til å tru at det har kome over 100 millimeter også her.  
Men vår bygd har ingen offisiell målestasjon

Ni stasjoner på Vestlandet har sett ny nedbørsrekord for januar.

Det vart meldt at Matre-noteringa var januarrekord for eitt døger, men dette er ikkje rett. 6. januar 2005 regna det 146 millimeter.

Det er også Indre Matre som har norgesrekorden fo eitt døger: 26. november 1940 kom det 220,6 millimeter regn på 24 timer, melder innsida.no.

Uskedalselva har i likhet med andre vassdrag i distriktet hatt høg vassføring utan at det har vore nokon skadeflaum. Faren for flaum har minka utover måndagen fordi nedbøren har avtatt, men høgare temperatur og meir nedbør kan forverra situasjonen.

Biletet over vart teke ovanfor Djupelihølen mandag føremiddag.

Av Ola Matti Mathisen